



Fylkestinget

Dato: 13.05.2014
Vår ref.: 2014/10496-14
Dykkar ref.:

Vedtak om evaluering av plan for selskapskontroll 2012- 2016

Vedlagt følger vedtak i sak 40/14 Evaluering av plan for selskapskontroll frå møte i kontrollutvalet 6.5.14.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Arkivnr: 2014/10496-13

Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet	40/14	06.05.2014

Evaluering av plan for selskapskontroll 2012- 2016 - Forslag til plan

Bakgrunn:

Fylkestinget gjorde slikt vedtak om plan for selskapskontroll i møte 13.06.12:

1. *Framlegg til plan for selskapskontroll vert vedteken slik den ligg føre.*
2. *Planen erstattar tilsvarende plan for perioden 2008-2012.*
3. *Planen gjeld for resten av valperioden, 2011-2015, og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2016.*
4. *Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar og omprioriteringar i planen. Kontrollutvalet vil rapportere til fylkestinget om kva kontrollar som er gjennomførte og resultatata av desse.*
5. *Planen skal reviderast og evaluerast minst ein gong i valperioden. Fylkestinget delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne "revisjonen" og evalueringa.*
6. *Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av selskapskontrollar til fylkestinget minst ein gong kvart år. Viktige revisjonsrapportar skal leggjast fram for fylkestinget etter kvart.*

På bakgrunn av punkt 5 i vedtaket gjorde kontrollutvalet slikt vedtak i sak 11/14 i møte 17.2.2014:

1. *Kontrollutvalet bestiller rullering av plan for selskapskontroll, frå Deloitte AS. Arbeidet skal samordnast med rullering av plan for forvaltningsrevisjon og skal gjennomførast med utgangspunkt i forslag til prosjektplan.*
2. *Det vert akseptert ein samla timeressurs på inntil det timetal som ligg i den føreslåtte prosjektplanen.*
3. *Kontrollutvalet ønskjer at prosessmøte i samband med dette arbeidet skal gjennomførast i møte 24.03.2014.*
4. *Kontrollutvalet sine medlemmar vert bedne om å tenkje i gjennom til dette møtet, om det er noko som dei meiner har endra risikobiletet i fylkeskommunen på ein slik måte at det bør gjerast endringar i planen.*

Det vart gjennomført prosessmøte i møte i kontrollutvalet 24.3.14 der utvalet aktivt deltok i evalueringa ved at dei føretok ny prioritering av prosjekta på bakgrunn av analysearbeid Deloitte hadde gjort før møtet. På bakgrunn av prosessmøtet vart det gjort slikt vedtak:

1. *Deloitte vil redigere evaluert plan for selskapskontroll i tråd med det som kom fram i møtet.*
2. *Forslag til redigert plan og analyse skal sendast sekretariatet innan 9.04.2014 med tanke på endeleg vedtak i neste møte i utvalet.*

Drøfting:

Den reviderte planen er no motteke og ligg ved saka. Det går fram av planen at i «Gruppe 1 – Selskapskontrollprosjekt i prioritert rekkefølge» er desse 6 prosjekta sett opp:

1. Hardangerbrua AS – er sett i bestilling
2. Fastlandssamband Halsnøy AS – er sett i bestilling
3. Bompengeselskapa
4. Storeholmen VTA
5. Arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i
6. Hordaland Teater LL

Vidare går det fram av planen at det i «Gruppe 2 – uprioriterte selskapskontrollprosjekt» er sett opp 7 andre prosjekt.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet godkjenner den reviderte plan for selskapskontroll 2012 – 2016 og at den vert send fylkestinget til orientering.

Forslag til vedtak

1. Revidert plan for selskapskontroll 2012 – 2016 vert godkjent slik den ligg føre.
2. Revidert plan for selskapskontroll 2012 – 2016 vert å senda fylkestinget til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 06.05.2014

Handsaming i møte

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Revidert plan for selskapskontroll 2012 – 2016 vert godkjent slik den ligg føre.
2. Revidert plan for selskapskontroll 2012 – 2016 vert å senda fylkestinget til orientering.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg: Revidert plan for selskapskontroll 2012 - 2016